



**Engdal kraftverk, Halså kommune i Møre og Romsdal**  
**Verknader på biologisk mangfald**  
Bioreg AS Rapport 2010 : 25

# BIOREG AS

## Rapport 2010:25

<b>Utførende institusjon:</b> Bioreg AS <a href="http://www.bioreg.as/">http://www.bioreg.as/</a>	<b>Kontaktpersonar:</b> Finn Oldervik	<b>ISBN-nummer:</b> 978-82-8215-118-4.
<b>Prosjektansvarleg:</b> Finn Oldervik 6693 Mjosundet Tlf. 71 64 47 68 el. 414 38 852 E-post: <a href="mailto:finn@bioreg.as">finn@bioreg.as</a>	<b>Finansiert av:</b> Hydroplan AS	<b>Dato:</b> 17. juli 2010
<b>Referanse:</b> Oldervik, F. G. 2010. Engdal kraftverk, Halså kommune i Møre og Romsdal. Verknader på biologisk mangfald. Bioreg AS. rapport 2010 : 25. ISBN-nr: 978-82-8215-118-4.		
<b>Referat:</b> På bakgrunn av krav frå statlege styresmakter er verknadene på det biologiske mangfaldet av ei vasskraftutbygging av dei øvre delane av Engdalselva i Halså kommune, Møre og Romsdal fylke vurdert. Arbeidet er konsentrert omkring førekomst av raudlistearter og sjeldne og/eller verdfulle naturtypar. Trong for minstevassføring er vurdert og det er kome med framlegg til eventuelle avbøtande og kompensierende tiltak.		
<b>4 emneord:</b> Biologisk mangfald Raudlistearter Vasskraftutbygging Registrering		

**Figur 1.** Biletet er teke frå lia sør og aust for Gammalsetra øvst i Engdalen og viser dei midtre delane av dalen. Gammalsetra kan ein skimta gjennom skogen litt til høgre for midten på biletet hitom vegen som krokar seg gjennom eit furuholt. Høybusetra er tydeleg å sjå lenger nede i dalen der det er noko grønne ekkrer. På andre sida av elva, mot venstre kan ein så vidt skimta Nysetra også. (Foto Bioreg AS ©).

## FØREORD

Denne rapporten erstattar Oldervik, F. 2007. Øvre Engdal kraftverk, Halså kommune. Verknader på biologisk mangfald. Miljøfaglig Utredning rapport 2007: 17. ISBN: 978-82-8138-216-9 og Oldervik, F. 2007. Nedre Engdalselva kraftverk, Halså kommune. Verknader på biologisk mangfald. Miljøfaglig Utredning rapport 2007: 14. ISBN: 978-82-8138-214-5.

På oppdrag frå grunneigarane ved Engdalselva i Halså har Miljøfaglig Utredning AS og Bioreg AS gjort registreringar av naturtypar og raudlista artar i samband med ei planlagd kraftutbygging av Engdalselva som ligg i Halså kommune, Møre og Romsdal fylke. Ei viktig problemstilling har vore vurdering av trong for minstevassføring.

Kontaktperson for oppdragsgjeverane har mest vore John Folde Engdal og Ingvar Engdal. Den tekniske delen har Endre Sæter, Hydroplan AS vore ansvarleg for. For Miljøfaglig Utredning AS og Bioreg AS har Finn Oldervik vore kontaktperson. Sistnemnde har også utført feltarbeidet og rapportskrivinga.

Vi takkar oppdragsgjeverane for tilsendt bakgrunnsinformasjon og Fylkesmannen si miljøvernavdeling ved Asbjørn Børset for opplysningar om vilt og anna informasjon. Vidare vert Erlend Snøfugl, Halså kommune og Ingvar Stenberg, Surnadal takka for å ha kome med opplysningar om vilt i området. Geir Gaarder får takk for å ha kome med gode råd i sluttfasen av dei første utgåvene av rapportane.

Aure 17. juli 2010

**FINN OLDERVIK**

## SAMANDRAG

### Bakgrunn

Grunneigarane på 7 av bruka i Engdalen (gnr. 126 og 127) har planar om å byggja eit kraftverk ved Engdalselva i Halså kommune i Møre og Romsdal fylke.

I samband med dette stiller statlege styresmakter (Direktoratet for naturforvaltning, Olje- og energidepartementet) krav om at eventuelle førekomstar av raudlistearter og artsmangfald elles i utbyggingsområdet skal undersøkjast. På oppdrag frå tiltakshavar, har Miljøfaglig Utredning AS og Bioreg AS gjennomført ei slik kartlegging i og inntil utbyggingsområdet, samt vurdert verknadene av ei eventuell utbygging på dei registrerte naturkvalitetane.

### Utbyggingsplanar

Nedbørsområdet for det planlagde tiltaket er rekna til 9,83 km<sup>2</sup> og årleg middelaavrenning til 600 l/s og alminneleg lågvassføring til 44 l/s. Tiltakshavarane har lagt fram planar om å byggja ein inntaksdam med eit vanleg elveinntak i Engdalselva ved kote 260. I tillegg er det planlagd å overføra ein bekk til inntaksdammen. Frå inntaket skal vatnet leiast ned til eit kraftverk planlagd bygd ved elva på kote 15. Øvst er det meininga at røyrgate skal gå vest for elva, men seinare kryssa over til austsida der også kraftstasjonen skal liggja. Røyrgate vil for det meste gå gjennom skog og myr, medan ho etter å ha kryssa elva vert lagt i vegskuldra mest heilt ned til kraftverket. Kraftverket vil verta liggjande i dagen med ein kort avlaupskanal attende til elva.

Det ligg føre berre eitt framlegg til vassveg frå inntaket og ned til kraftverket. Dette alternativet går ut på nedgravne røyr heile vegen. Dimensjonen på røyret er kalkulert til Ø = 800 mm og vassvegen er rekna å verta om lag 4.700 m. Dimensjonen på overføringsrøyret til bekkeoverføringa er førebels rekna til 300 mm og lengda til om lag 200 m. Dette røyret vil gå i minerotrof fastmatte bakkemyr. Tilknytingskabelen til eksisterande nett vil verta om lag 200 m lang og vil stort sett gå i jordbrukslandskapet. Til inntaksdammen må ein truleg bygga ein ny veg, medan det skulle vera nok med ein førebels anleggsveg i samband med legging av røyrgate. Når det gjeld tilkomstveg til kraftstasjonen, så vert det truleg mest aktuelt å utbetra ein alt eksisterande traktorveg i området.

Grunnflata på kraftstasjonsbygget vil verta om lag 80 m<sup>2</sup> og det vil verta tilpassa lokal byggeskikk.

### Metode

NVE har utarbeidd ein vegleiar (Veileder nr. 1/2004 oppgradert til 3/2009), "Dokumentasjon av biologisk mangfald ved bygging av småkraftverk (1 -- 10 MW)." Metoden skildra i vegleiaren er lagt til grunn i denne rapporten. Mal for konsekvensutgreiingar er følgd, og sentrale delar av metodekapitlet er henta frå Handbok 140 (Statens vegvesen 2006).

Informasjon om området er samla inn gjennom litteratur- og databasegjennomgang, kontakt m.a. med oppdragsgjevar og lokalkjende. Elles er datagrunnlaget stort sett basert på eige feltarbeid 12. og 13. okt. 2006. I tillegg er det midtre partiet undersøkt den 3. juli 2010. Opplysningar om vilt er motteke frå miljøvernavdelinga hos

Fylkesmannen i Møre og Romsdal, i tillegg til miljøansvarleg i Halså kommune. Også Ingvar Stenberg, Surnadal og representantar for grunneigarane har kome med relevante opplysningar om vilt. Miljøvernavingdelinga hos Fylkesmannen i Møre og Romsdal ved Asbjørn Børset har sjekka databasen over vilt unnateke offentleg innsyn, medan Stein Settem og Ove Eide ved same etat har kome med opplysningar om anadrome laksefisk i elva.



Figur 2. Kartet viser at utbyggingsområdet ligg noko aust for Kristiansund, - heilt på grensa til Sør-Trøndelag fylke.

### Vurdering av verknader på naturmiljøet

Konsekvensvurderingane nedanfor bør sjåast i samanheng med tabellen frå oppsummeringa (Kap. 7).

Sjølv om det i deler av utbyggingsområdet er oppgjeve at det skal vera relativt rik berggrunn, så var det få stadar ein merka dette på karplantefloraen. Truleg er årsaka eit ganske tjukt morenelag dei fleste stadane. Berre i eit lite område nær inntaket med tynt humus- og morenedekke vart det registrert artar som var meir krevjande. For området sett under eitt viste då heller ikkje inventeringa større artsrikdom av karplantar. Trass nokre små fossar og stryk, særleg øvst i området, vart det heller ikkje registrert kryptogamar som var avhengige av høg og stabil vassføring i elva.

Øvst i området kjenner ein ikkje til at Engdalselva har vore nytta til industrielle verksemdar tidlegare. Lenger nede i elva derimot har det vore både kverner og stampeverk. Det meste av utbyggingsområdet er slik ganske sterkt prega av ymse menneskelege tiltak som til dømes seterdrift, vegar, hogst og beiting. Dei fleste av desse spora er meir eller mindre synleg også i dag. Generelt kan ein vel seia at noverande påvirkingsgrad er ganske stor i det meste av utbyggingsområdet.

Naturverdiar. Innafor undersøkingområdet er det avgrensa ei middels verdfull naturbeitemark frå før (Gammalsetra), og ein lokalitet med gammal lauvskog (bjørkesuksesjonar) vart avgrensa i samband med inventeringa 13.10.2006. I tillegg vart det avgrensa to lokalitetar nedst i


utbyggingsområdet, ein med gråor-heggeskog samt eit skogsbeite. Av raudlisteartar er det påvist oter (VU), kvitryggspett (NT) samt ein raudlista rovfugl (NT). Nedst i vassdraget går det opp anadrom fisk som vert litt negativt påverka av tiltaket. Tabellen under viser registrerte naturtypar/verdiar innan utbyggingsområdet og kva for konsekvensar og omfang tiltaket vil få å seia for dei.

**Tabell 2. Verdfulle lokalitetar/førekomsstar med oppgjeven verdi, omfang og verknad.**

Lok. nr.	Lok. namn	Naturtype	Verdi	Omfang	Verknad
Nr. 1	Tverrbekken	Skog. Gammal bjørkesuksesjon.	Middels	Ikkje noko neg.	Ikkje noko
Nr. 2	Øyan	Kulturlandskap. Beiteskog	Middels	Middels/lite neg.	Liten/middels
Nr. 3	Kvernhuslettet	Gråor-heggeskog	Middels	Stort/middels	Middels/liten
Nr. 4	Gammelsetra (Sjå naturbase)	Kulturlandskap. Naturbeitemark.	Middels	Lite/middels	Liten
Nr. 5	Engdalselva	Viktige fiskeslag	Middels/liten	Middels/lite	Middels/lite

**Verdien** av utbyggingsområdet er rekna som middels/liten.

Samla **omfang** av tiltaket er vurdert å verta Middels negativt for påviste naturverdiar. **Verknadene** av det planlagde tiltaket vert difor Middels/lite negative for dei kartlagde naturverdiene i området.



**Figur 3.** Kartet viser i grove trekk korleis utbygginga er tenkt gjennomført. Som ein ser så vert det ei lang røyrgate for dette prosjektet.

### **Avbøtande tiltak**

Vi tilrår minstevassføring (allminneleg lågvassføring) m.a. p.g.a. at mange insektslarvar har leveområdet sitt blant stein og grus i slike elver. Sjølv om insektslarvane i seg sjølv ikkje er særleg sjeldne, så skal dei tena som mat m.a. for fossekall og fisk.

For å betra hekkevilkåra for fossekall etter ei eventuell utbygging bør predatorsikre hekkedassar for fossekall monterast ved inntaket og ved kraftverket. Elles kan undersida av bruer og eventuelle overheng ved fossar vera aktuelle stadar for plassering av hekkedassar. Ein bør montera to kassar på kvar stad. Slike hekkedassar har vist seg å fungera godt som vern mot predatorar (Steel et al. 2007).

For å betre gytetilhøva for anadrom fisk, kan det leggest ut gytegrus i den anadrome strekninga ovanfor stasjonsområdet (Langelo 2007).

Forstyrra miljø (vegar, grøfter og liknande) bør ikkje såast til med framandt plantemateriale.

### **Vurdering av usikkerheit**

Registrerings- og verdiusikkerheit. Heile influensområdet er oppsøkt og vurdert, særleg med tanke på karplantar, mose og lav. Heile oppgraderingsområdet er greitt tilgjengeleg, og vi vurderer difor både geografisk og artsmessig dekningsgrad som svært god.

Erfaring, kombinert med vurdering av potensial for funn av sjeldne organismar vil for det meste gje ei ganske god sikkerheit i registrerings- og verdivurdering. Ut frå dette vurderer vi registrerings- og verdisikkerheita som god.

Usikkerheit i omfang. Ut i frå dei registreringane og verdivurderingane som er gjort, og slik planane er skissert, så meiner vi at usikkerheita i omfangsvurderingane generelt er lita for dette prosjektet.

Usikkerheit i vurdering av konsekvens. Sidan vi ser på usikkerheita i registrering og verdivurdering som lita, samt uvissa i omfangsvurderingane som lita, så vil også usikkerheita i konsekvensvurderinga bli lita.



**Figur 4.** Litt nedom det planlagde inntaket ligg det ei ganske ny hytte. Her er det montert både ei lita vindmølle og eit lite 12-volts vassdrive straumaggregat. (Foto, Bioreg AS ©)



**Figur 5.** Bildet viser eit område litt oppom elveinntaket. Som ein ser så står det ei gammal høybu her enda og vitnar om gamle dagars strid for føda. Markaslåtten skulle vera utbreidd i Engdalen, og som ein ser er det godt om mark for myrslått på baa sider av elva. (Foto Bioreg AS ©).



**Figur 6.** Biletet viser eit flatt og beita område omlag midt nede i den øvre delen av Engdalen. Om ein ser litt nøye etter til venstre for vegen, så vil ein sjå trestubbar spreidd i beitet, noko som viser at området her har vore gjenrydda for ikkje så lenge sidan. Stort innslag av sølvbunke viser at beitinga her har lange tradisjonar. (Foto; Bioreg AS 2010 ©).

**INNHALDSLISTE**

<b>1</b>	<b>INNLEIING .....</b>	<b>10</b>
<b>2</b>	<b>UTBYGGINGSPLANANE .....</b>	<b>10</b>
<b>3</b>	<b>METODE .....</b>	<b>11</b>
3.1	Datagrunnlag .....	12
3.2	Vurdering av verdiar og konsekvensar .....	12
<b>4</b>	<b>AVGRENSING AV INFLUENSOMRÅDET .....</b>	<b>15</b>
<b>5</b>	<b>STATUS - VERDI .....</b>	<b>15</b>
5.1	Kunnskapsstatus .....	15
5.2	Naturgrunnlaget .....	16
5.3	Artsmangfald .....	19
5.4	Naturtypar .....	27
5.5	Verdfulle naturområde .....	27
<b>6</b>	<b>OMFANG OG VERKNAD AV TILTAKET .....</b>	<b>34</b>
6.1	Omfang og verknad .....	34
6.2	Samanlikning med andre nedbørsfelt/vassdrag .....	37
<b>7</b>	<b>SAMANSTILLING .....</b>	<b>37</b>
<b>8</b>	<b>MULEGE AVBØTANDE TILTAK OG DEIRA EFFEKT .....</b>	<b>37</b>
<b>9</b>	<b>VURDERING AV USIKKERHEIT .....</b>	<b>38</b>
<b>10</b>	<b>PROGRAM FOR VIDARE UNDERSØKINGAR OG OVERVAKING .....</b>	<b>38</b>
<b>11</b>	<b>REFERANSAR .....</b>	<b>39</b>
	Litteratur .....	39
	Munnlege kjelder .....	40

## 1

### INNLEIING

Dei nasjonale strategiske måla for naturens mangfald er formulert slik i St. meld. nr. 26 (2006-2007):

- Naturen skal forvaltast slik at artar som finst naturleg vert sikra i levedyktige bestandar, og slik at variasjonen av naturtypar og landskap vert oppretthalde og gjer det muleg å sikra at det biologiske mangfaldet framleis kan utviklast.
- Noreg har som mål å stansa tapet av biologisk mangfald innan 2010.

Målformuleringane omfattar artar, og variasjonen innan artene, og naturtypar. Naturen er dynamisk og eit visst tap av biologisk mangfald er naturleg. Målsettinga må tolkast slik at det er tapet av biologisk mangfald som skuldast menneskeleg aktivitet som skal opphøyre. Utbygging av små kraftverk kan påverka det biologiske mangfaldet på ulikt vis avhengig av lokale tilhøve. Sams for alle prosjekta er likevel verknadane av at vassdraget vert fråført vatn.

I juni 2007 kom det eit omfattande skriv frå OED, "Retningslinjer for små vasskraftverk". Retningslinjene bygger i hovudsak på et utkast til retningslinjer utarbeidd av NVE i samråd med Direktoratet for naturforvaltning og med faglege innspel frå ymse andre. Biologisk mangfald er omtala i kapittel 5.2. I eit tidlegare brev om obligatorisk utsjekking av biologisk mangfald frå OED heiter det mellom anna:

*"Undersøkelsen forutsettes å omfatte en utsjekking av eventuelle forekomster av arter på den norske rødlista og en vurdering av artssammensetningen i utbyggingsområdet i forhold til uregulerte deler av vassdraget og/eller tilsvarende nærliggende vassdrag. Det kan fastsettes en minstevannføring i hele eller deler av året dersom den faglige undersøkelsen viser at dette kan gi en vesentlig miljøgevinst."*

Som ein konsekvens av dette vart det av NVE utarbeidd ein vegleiar til bruk i slike saker, no oppdatert til Vegleiar nr. 3/2009, "Dokumentasjon av biologisk mangfald ved bygging av småkraftverk (1 -- 10 MW). Revidert utgåve" Denne vegleiareren er brukt som rettesnor for denne rapporten.

Hovudføremålet ved rapporten vil være å;

- skildre naturtilhøve og verdier i området.
- vurdere konsekvensar av tiltaket for biologisk mangfald.
- vurdere trong for og verknad av avbøtande tiltak.

Ei viktig problemstilling er å vurdere behovet for minstevassføring. I samband med dette har vassressurslova i paragraf 10 følgjande hovudregel; "Ved uttak og bortleidning av vatn som endrar vassføringa i elvar og bekkar med årsikker vassføring, skal minst den alminnelege lågvassføringa være tilbake, om ikkje anna følgjer av denne paragrafen."<sup>1</sup>

## 2

### UTBYGGINGSPLANANE

Tiltakshavarane har lagt fram planar om å byggja ein inntaksdam med eit vanleg elveinntak i Engdalselva ved kote 260. I tillegg er det planlagd å overføra ein bekk til inntaksdammen. Frå inntaket skal vatnet leiast ned til

<sup>1</sup> Lovteksta er omsett til nynorsk av FGO.

eit kraftverk planlagd bygd ved elva på kote 15. Øvst er det meininga at røyrkata skal gå vest for elva, men seinare kryssa over til austsida der også kraftstasjonen skal liggja. Røyrkata vil i byrjinga for det meste gå gjennom skog og myr, medan ho etter å ha kryssa vegen vert lagt i vegskuldra mest heilt ned til kraftverket. Kraftverket vil verta liggjande i dagen med ein kort avlaupskanal attende til elva (Sjå planteikning s. 6).

Det ligg føre berre eitt framlegg til vassveg frå inntaket og ned til kraftverket. Dette alternativet går ut på nedgravne røyr heile vegen. Dimensjonen på røyrret er kalkulert til  $\varnothing = 800$  mm og vassvegen er rekna å verta om lag 4.700 m. Dimensjonen på overføringsrøyrret til bekkeoverføringa er førebels rekna til 300 mm og lengda til om lag 200 m. Dette røyrret vil gå i minerotrof fastmatte bakkemyr. Tilknytingskabelen til eksisterande nett vil verta om lag 200 m lang og vil stort sett gå i jordbrukslandskapet. Til inntaksdammen må ein truleg bygga ein ny veg, medan det skulle vera nok med ein førebels anleggsveg i samband med legging av røyrgate. Når det gjeld tilkomstveg til kraftstasjonen, så vert det truleg mest aktuelt å utbetra ein alt eksisterande traktorveg i området. Nedbørsområdet for det planlagde tiltaket er rekna til 9,83 km<sup>2</sup> og årleg middelaavrenning til 600 l/s og alminneleg lågvassføring til 44 l/s.

Grunnflata på kraftstasjonsbygget vil verta om lag 80 m<sup>2</sup> og det vil verta tilpassa lokal byggeskikk.



**Figur 7.** Biletet viser eit typisk miljø frå nedre del av utbyggingsområdet. Dette representerer dei tettast tresette områda i nedre delen av røyrkata og kraftstasjonsområdet. Som ein kan sjå, så vekst det også litt sjølvspreidd gran her. (Foto; Bioreg AS ©).

### 3

## METODE

NVE har utarbeidd ein vegleiar (Vegleiar nr. 3/2009), "Dokumentasjon av biologisk mangfald ved bygging av småkraftverk (1 -- 10 MW) Rev. utgåve." Metoden skildra i vegleiaren er lagt til grunn i denne rapporten. Mal for konsekvensutgreiingar er følgd, og sentrale delar av metodekapitlet er henta frå Handbok 140 (Statens vegvesen 2006).

### 3.1

#### Datagrunnlag

Datagrunnlag er eit uttrykk for kor grundig utgreiinga er, men også for kor lett tilgjengeleg opplysningane som er naudsynte for å trekkja konklusjonar på status/verdi og konsekvensgradar er.

*Generelt.* Så langt finst det ikkje nokon samla kunnskapsoversikt over biologisk mangfald knytt til slike små vassdrag i Noreg, og m.a. difor er eiga erfaring og kompetanse svært viktig. I tillegg til dette, så er vurderinga av noverande status for det biologiske mangfaldet gjort m.a. med støtte i ymse litteratur som; Raddum et al (2006) (botnfauna m.m.), kurs ved Hans Blom sommaren 2006 (fuktkevjangende mosar, særskild Vestlandet) samtalar med Oddvar Hanssen, NINA (biller og andre insektgrupper), raudlista (Kålås et al (red) (2006)) og elles relevant namnsetjingslitteratur som Lid & Lid (2005) (karplanter), Krog et al (1994) (Norske busk og bladlav), Holien & Tønsberg (2006) (Norsk lavflora), Smith (2004) (bladmosar), Damsholt (2002) (levermosar) med mykje meir.

*Konkret.* Informasjon om området er samla inn gjennom litteratur- og databasegjennomgang, kontakt m.a. med oppdragsgjevar og lokalkjende. Elles er datagrunnlaget stort sett basert på eige feltarbeid 12. og 13. okt. 2006, samt 3. juli 2010. Utanom Naturbase har ein motteke opplysningar om vilt frå miljøvernavdelinga hos Fylkesmannen i Møre og Romsdal ved Asbjørn Børset, i tillegg til viltansvarleg i Halså kommune, Erlend Snøfugl. Ingvar Stenberg, som har vore ansvarleg for viltregistreringane ved den kommunale kartlegginga i Halså, har kome med supplerande opplysningar. Også to av grunneigarane, Ingvar Engdal og John Folde Engdal har kome med relevante opplysningar vedrørende vilt, samt opplysningar av historisk karakter. Vidare har ein nytta Gardtales i Aure B I (Todal 1963).

*Dei naturfaglege undersøkingane* vart gjort under gode vêr- og arbeidstilhøve. Område for inntaksdam vart undersøkt først. Etterpå vart område for bekkeoverføring undersøkt. Her tok ein også høgd for eit eventuelt inntak lenger oppe lia, slik at også dette området vart undersøkt. Elles vart både elvestrekket som vert fråført vatn, røyrtrasé og stasjonsområde undersøkt. Også områda rundt vart undersøkt der ein meinte det var naudsynt. Heile influensområdet vart undersøkt både med tanke på karplantar, mose og lav. Også andre organismegrupper vart registrert i den grad ein observerte noko av interesse. GPS vart nytta for nøyaktig stadfesting av interessante funn. Sidan planane vart endra i høve dei første planane, så vart mellomstrekket av elva samt røyrkata undersøkt den 3. juli 2010.

### 3.2

#### Vurdering av verdiar og konsekvensar

Desse vurderingane er grunna på ein "standardisert" og systematisk tretrinns prosedyre for å gjera analysar, konklusjonar og tilrådingar meir objektive, lettare å forstå og lettare å etterprøva.

<b>Steg 1</b>	Verdsetting for tema biologisk mangfald er gjort ut frå ulike kjelder og basert på metode utarbeidd av Statens vegvesen. Unntak er at geologi og kvartærgeologi ikkje vert trekt inn her.
<b>Status/Verdi</b>	Verdien vert fastsett langs ein skala som spenner frå <i>liten verdi</i> til <i>stor verdi</i> (sjå døme).

Tabell 1. Kriterium for verdisetting av naturområde

Kjelde	Stor verdi	Middels verdi	Liten verdi
<b>Naturtypar</b> <a href="http://www.naturbasen.no">www.naturbasen.no</a> DN-handbok 13; Kartlegging av naturtypar DN-handbok 11; Viltkartlegging DN-handbok 15; Kartlegging av ferskvasslokalitetar.	<ul style="list-style-type: none"> <li>Naturtypar som er vurdert som svært viktige (verdi A)</li> <li>Svært viktige viltområde (vekttal 4-5)</li> <li>Ferskvasslokalitetar som er vurdert som viktige (verdi A).</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Naturtypar som er vurdert som viktige (verdi B og C)</li> <li>Viktige viltområde (vekttal 2-3)</li> <li>Ferskvasslokalitetar som er vurdert som viktige (verdi B og C).</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Andre område</li> </ul>
<b>Raudlisteartar</b> Norsk raudliste 2006 ( <a href="http://www.artsdatabanken.no">www.artsdatabanken.no</a> ) <a href="http://www.naturbasen.no">www.naturbasen.no</a>	Viktige område for : <ul style="list-style-type: none"> <li>Arter i kategoriane "kritisk truga" og "sterkt truga"</li> <li>Arter på Bernliste II</li> <li>Arter på Bonnliste I</li> </ul>	Viktige område for: <ul style="list-style-type: none"> <li>Arter i kategoriane "sårbar", "nær truga" eller "datamangel".</li> <li>Arter som står på den regionale raudlista.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Andre område.</li> </ul>
<b>Truga vegetasjonstypar</b> Fremstad og Moen 2001	<ul style="list-style-type: none"> <li>Område med vegetasjonstypar i kategoriane "akutt truga" og "sterkt truga".</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Område med vegetasjonstypar i kategoriane "noko truga" og "omsynskrevjande"</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Andre område.</li> </ul>
<b>Løystatus</b> Ulike verneplanarbeid, spesielt vassdragsvern.	<ul style="list-style-type: none"> <li>Område verna eller foreslått verna</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Område som er vurdert, men ikkje verna etter naturvernloven, og som kan ha regionalverdi</li> <li>Lokale verneområde (pbl.)</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Område som er vurdert, men ikkje verna etter naturvernloven, og som er funne å ha berre lokal naturverdi</li> </ul>

Raudlisteartar er eit vesentleg kriterium for å verdisetja ein lokalitet. Ny norsk raudliste ble presentert 6. desember 2006 (Kålåsm.fl. 2006), og denne medfører ein del viktige endringar i høve tidlegare raudlister. IUCNskriteriar for raudlisting av arter (IUCN 2001) er for første gong nytta i raudlistearbeidet i Noreg. Dei nye raudlistekategoriane si rangering og avstuttingar er (med engelsk namn i parentes) :

RE – Regionaltutrydda (Regionally Extinct)

CR – Kritisktruga (Critically Endangered)

EN – Sterkt truga (Endangered)

VU – Sårbar (Vulnerable)

NT – Nær truga (Near Threatened)

DD – Datamangel (Data Deficient)

Elles viser vi til Kålåsm.fl. (2006) for nærare utgreiing om inndeling, metodar og artsutval for den norske raudlista. Der er det også kort gjort greie for kva for miljøartane lever i og viktige trugsmålsfaktorar.

Verdivurdering		
<i>Liten</i>	<i>Middels</i>	<i>Stor</i>
-----	-----	
▲		

<b>Steg 2</b>	I steg 2 skal ein skildra og vurdere type og omfang av moglege verknader om tiltaket vert gjennomført. Verknadane vert m.a. vurdert ut frå omfang i tid og rom, og kor truleg det er at dei skal oppstå. Omfanget vert vurdert langs ein skala frå <i>stort negativt omfang</i> til <i>stort positivt omfang</i> (sjå døme).
<b>Omfang</b>	

Omfang				
<i>Stort neg.</i>	<i>Middels neg.</i>	<i>Lite / ikkje noko</i>	<i>Middels pos.</i>	<i>Stort pos.</i>
-----	-----	-----	-----	
▲				

<b>Steg 3</b>	I det tredje og siste steget i vurderingane skal einkombinera verdien (temaet) og omfanget av tiltaket for å få den samla vurderinga.
<b>Verknad</b>	Denne samanstillinga gjev eit resultat langs ein skala frå <i>svært stor positiv verknad</i> til <i>svært stor negativ verknad</i> (sjå under). Dei ulike kategoriane er illustrert ved å nytta symbola "-" og "+".

Symbol	Skildring
++++	Svært stor positiv verknad
+++	Stor positiv verknad
++	Middels positiv verknad
+	Liten positiv verknad
0	liten/ingen verknad
-	Liten negativ verknad
--	Middels negativ verknad
---	Stor negativ verknad
----	Svært stor negativ verknad

<b>Oppsummering</b>	Vurderinga vert avslutta med eit oppsummeringsskjema for temaet (Kap. 7). Dette skjemaet oppsummerar verdivurderingane, vurderingane av omfang og verknadar og ein kort vurdering av kor gode grunnlagsdata ein har (kvalitet og kvantitet), som ein indikasjon på kor sikre vurderingane er. Datagrunnlaget blir klassifisert i fire grupper som følgjer:
---------------------	--

Klasse	Skildring
1	Svært godt datagrunnlag
2	Godt datagrunnlag
3	Middels godt datagrunnlag
4	Mindre godt datagrunnlag

## 4

### AVGRENSING AV INFLUENSOMRÅDET

- Strekningar som vert fråført vatn.
  - Engdalselva om lag frå kote 260 moh til 15 moh.
  - Bekk om lag frå kote 225 moh. til 263 moh.
- Inntaksområde.
  - Inntaksdam i Engdalselva ved kote 260 moh.
  - Inntak i bekk om lag ved kote 263 moh.
- Andre område med terrenginngrep.
  - Trasé for røyr (røyrgate) frå inntaksdam kote 260 til kraftverk ved Engdalselva på kote 15, ca 4700 m.
  - Trase for røyr for overføring av bekk.
  - Kraftstasjon, utslippskanal
  - Tilkomstveg til kraftstasjon.
  - Tilkomstveg til inntaksdam.
  - Grøft til jordkabel (overføringskabel).

Som Influensområde er rekna ei om lag 50 -- 80 m brei sone rundt inngrepa som er nemnd ovafor. Dette er ei relativt grov og skjønsmessig vurdering grunna ut frå kva for naturmiljø og artar i området som direkte eller indirekte kan verta påverka av tiltaket. Influensområdet saman med dei planlagde tiltaka (utbyggingsområdet) utgjer undersøkingsområdet.

## 5

### STATUS - VERDI

#### 5.1

#### Kunnskapsstatus

På førehand hadde ein relativt liten kunnskap omkring det biologiske mangfaldet i undersøkingsområdet, men eit søk på DN's Naturbase viser at fjellet aust for Engdalen<sup>2</sup> er eit viktig leveområde for fjellrype. Frå viltansvarleg i Halså kommune, Erlend Snøfugl har vi fått ymse opplysningar om anna vilt, slik som hønsfugl, rovfugl m.m. Fylkesmannen si miljøvernaveiding ved Asbjørn Børset har stadfesta opplysningane i Naturbasen m.m.. Frå Ingvar Stenberg, Surnadal har vi fått opplysningar om fugl i samband med Vitskapsmuseet sine viltkartleggingar i 2003 (Solbakken et al 2004).

Ved eigne undersøkingar 12. og 13. oktober 2006, samt 3. juli 2010 vart karplanteflora, vegetasjonstypar, fugleliv, lav- og moseflora og naturtypar undersøkt i influensområdet.

Det var gode tilhøve for registrering av dei fleste aktuelle artsgrupper, men ikkje alle hadde optimale tilhøve om ein tenkjer på naturtilhøva. For


<sup>2</sup> Dette området ligg for det meste i Hemne kommune i Sør-Trøndelag.

registrering av fugl ville våren vore den beste årstida. Vegetasjonen og naturtypene i utbyggingsområdet er lite høveleg for til dømes raudlista og krevjande artar av markboande sopp, og vedboande artar som kjuker og barksopp er det lite av grunna liten tilgang på høveleg substrat (daud ved). Unnateke dette er eit mindre område med gammal lauvskog oppe i lia aust for bekkeinntaket. Også ned mot kraftstasjonen er det ein lokalitet med noko daud ved, men truleg manglar det kontinuitet her, då dei prøvane som gjort av barksoppar viste seg å vera typiske pionerartar som finst meir eller mindre over alt det er høveleg substrat. Områda ved elva vart undersøkt, og da først og fremst med tanke på krevjande artar av mose og lav, men ingen raudlista- eller andre interessante artar vart funne frå desse gruppene. Elles vart heile influensområdet undersøkt med omsyn til vegetasjon generelt og kravfulle artar spesielt.

## 5.2 Naturgrunnlaget


### Geologi og landskap

Berggrunnen i Engdalen og ved Engdalselva er for det meste fattig. Dette gjeld og for det meste av utbyggingsområdet. Ymse slag av gneis er den dominerande bergarten. Dette er berggrunn frå prekambrium ([www.ngu.no](http://www.ngu.no)) og gjev grunnlag berre for ein fattig flora. Øvst har ein i tillegg fleire striper med noko rikare berggrunn. I hovudsak skal dette vera glimmerskifer, men det kan og vera innblanda med artar som; amfibolitt, kalksilikatskifer, metasandstein, kalkspatmarmor og gneis. Som ein skal sjå, så gjorde ikkje denne rikare berggrunnen særleg utslag på plantelivet, slik det vart registrert.



Figur 8. Kartet viser berggrunnen ved Engdalen og dei næraste områda. Heile området høyrer til det såkalla Valsøfjordkomplekset med bergartar frå jorda si urtid (prekambrium). For det meste er det harde gneisar her som til dømes migmatittgneis og granittisk gneis (37) Den brungule fargen symboliserer dette. Der det i tillegg finst raude ovalar er det såkalla augnegneis (41). Lenger oppe i dalen går det nokre band med glimmerskifer<sup>3</sup> (27), og rett vest for munningen av Engdalen ligg det eit par mindre område med eklogitt (46). Oppe i fjellet på austsida av dalen ligg det eit lite område med serpentinit (47 a). Utanom dei tre siste er dette harde og fattige bergartar. (Kjelde; Askvik & Rokoengen 1985).

<sup>3</sup> Disse banda er oppgjevne å ha innslag av andre bergartar også. Sjå i teksten lenger oppe på sida.



Figur 9. Det kvartærgeologiske kartet viser forekomsten av lausmassar i området kring Engdalen og Engdalselva. Utbyggingsområdet ligg sentralt i kartutsnittet. Som ein ser av kartet er det både rasmassar, torv og myr, og på vestsida av elva der røyrigata skal gå, er det eit, for det meste ganske tjukt morenelag. Lenger nedover er morenemassane tynnare, men heilt nedst kjem ein borti litt breelvavsetning i tillegg til stadvis tynt humus/torvdekke. Elles viser kartet også at morenedekket jamt over er tunnare på austsida av elva enn på vestsida. (Kjelde: NGU).

Lausmassar er det ganske mykje av i området ved Engdalselva og i utbyggingsområdet elles, særleg øvst i lia der røyrigata skal gå. Som ein kanskje ser av kartet, så er det berre øvst, i eit område ved inntaksdammen på begge sider av elva at lausmassedekket er tynt. Fjellet ligg da også i dagen fleire stadar her.

Landformer. Engdalen er eit ganske stort og vidfemd dalføre, og må kallast ein typisk U-dal som går om lag sør-nord.

### Topografi

Engdalselva har si byrjing oppe i fjella både aust, sør og vest for Engdalen. Som ein ser av figuren på neste side, så er det likevel ingen større vatn som kan magasinere vatnet i periodar med mykje nedbør. Noko myr, i tillegg til fleire mindre fjelltjørn, verkar likevel i noko grad som vassmagasin slik at elva også i turre periodar får noko tilsig. På dei om lag 7 kilometrane frå Engdalselva startar ved foten av Kvennrotfjellet til ho renn i sjøen ved Vinjefjorden får ho tilførsel frå mange bekkar frå fjellområda både aust og vest for dalen. Hovudretninga på elva er heile vegen nordleg. Fjella i dette området er ikkje særleg høge, men det høgste, Hornfjellet, som ligg på austsida av dalen mellom Kubakkfjellet og Kvennrotfjellet når ei høgde på 905 m. Sjølv om det ikkje finst brear i området, så ligg mykje av nedbørsområdet likevel såpass høgt over havet at snøsmeltinga varer ganske lenge utover sumaren. Elvelaupet for Engdalselva dannar ikkje noko særleg juv, anna enn litt ved Gammelsetra. Det er også eit ganske trongt parti i området der ein nærmar seg busetnad og jordbrukslandskapet nedst i dalen.



Figur 10. Som ein ser av dette oversiktskartet, så er Engdalen omkransa av fjell på tre kantar, og elva får difor tilførsel av vatn både frå aust, sør og vest. Den stipla linja rett aust for Engdalen er fylkesgrensa mot Sør-Trøndelag. Inntaket til dette planlagde kraftverket ligg litt sør for Gammelsetra og den første svarte prikken der. Kraftstasjonen skal liggja nede ved busetnaden nedst i dalen.

## Klima

Halsa og Engdalen må plasserast i midtre kyststrøk, og når det gjeld vegetasjonsseksjon, så plasserer Moen (1998) området i klart oseanisk seksjon (O2). Vedrørende vegetasjonssone, så ligg den delen av Engdalen som er nærast sjøen i mellomboreal sone og det same gjeld mesteparten av dalbotnen oppover mot Gammelsetra. Opp mot inntaket kjem ein inn i nordboreal sone, medan nedbørsområdet for det meste tilhører dei alpine sonene.

I Halsa kommune er det berre ein målestasjon for temperatur og nedbør og denne ligg eit godt stykke vest for utbyggingsområdet. Ein har difor også sett litt på næraste målestasjon i nabokommunen i aust, Vinjeøra i Hemne kommune. Dei to målestasjonane viser godt samsvar og av dette kan ein slutte at årsnedbøren i Engdalen ligg i overkant av 1600 mm om året med desember (ca 200 mm) som den mest nedbørsrike månaden og mai (ca 70 mm) som den tørraste. Når det gjeld temperturtilhøva, så er den gjennomsnittlege vintertemperaturen ikkje særleg låg i Halsa (- 2,0° i jan. og + 3,8° i april), og sommartemperaturen er heller ikkje særleg høg (13,5° i juli). I og med at temperaturen går ned når ein kjem høgre over havet, så vil temperaturen oppe i Engdalen og særleg i fjellområda rundt, der mykje av det aktuelle nedbørsområdet ligg, vera noko lægre enn på Vågland der målestasjonen ligg.

## Menneskeleg påverknad

Historisk tilbakeblikk. Engdalen er ein gamal gard, og helst mykje eldre enn den første skriftlege kjelda som nemner garden. Denne kjelda er elles erkebiskop Aslak Bolts jordebok frå 1430-åra. Erkestolen åtte då ein mindre part av garden. Resten har nok vore i privat eige og mest truleg var det brukarane sjølve som rådde over eigedomsretten til det meste av jorda, noko som slett ikkje var vanleg i Aure prestegjeld som Engdalen den gongen tilhørde. Når det gjeld tydinga av namnet, så meiner avdøde statsarkivar Anders Todal (1963) at det har noko med dei mange grasslætta i dalen som skaffa bøndene naudsynt vinterfor til krøttera. I eldre tid vart heimebøane oftast nytta til åkerland og korndyrking, medan foret til krøttera mest vart henta i utmarka. Også stort og siv på dei ganske mange bakkemyrene oppe i dalen vart nok nytta. Når det gjeld den andre matrikkelgarden i Engdalen, Vollan, så har namnet på denne garden ei liknande tyding som rota i Engdalsnamnet, altså ein stad som egna seg for å slå gras. Vi nyttar vel denne uttrykksmåten framleis, gjerne om ein stad som ligg litt høgt og i fleirtalsform.

Eigedomstilhøva. I Engdalen er det i dag to matrikkelgardar, nemleg gnr. 126, Engdal og gnr. 127, Vollan. Dei bruka som har større eller mindre rettar i Engdalselva i det aktuelle utbyggingsområdet for dette prosjektet er som følgjer; nr. 126/1, Lars Enge, nr. 126/2, Wenche Werkland Engdal og Ole Thor Engdal, nr. 126/3, Odd Gunnar Engdal/Eli Norunn Austnes/Jon Austnes, nr. 127/1, Ingvar Engdal og Ingunn Lundanes Engdal og nr. 127/2, John Folde Engdal, 127/5, Ola Vollsjø og 127/6, Tom Bjerknæs. (kjelde; Endre Sæter, Hydroplan).

Menneskeleg påverknad på naturen. Utanom sætervollar og bygningar o.l. tydelege spor etter tradisjonell gardsdrift, er det også spor etter mange andre menneskelege aktivitetar å finna i nærområda til Engdalselva. M.a. er det fleire hytter som ligg meir eller mindre innan influensområdet. Den eine hytteeigaren har også bygd seg eit lite mikro kraftverk for produksjon av 12 V straum, samt ei lita vindmølle til same føremål.

Engdal har ikkje vore rekna som ein gard med god furuskog, og det vert sagt at det var hollendarane som i sin tid hogde ut furuskogen i dalen så grundig at treslaget seinare aldri riktig har fått fotfeste att. Skifte til gran har også vore ganske moderat på garden, slik at det er bjørkeskogen som dominerer. På biletet på framsida av rapporten kan ein sjå granfelt nedover dalen som mørkegrøne felt, medan furuskogen har ei ljosare farge. I samband med ei utskifting andre halvdel av 1970-åra vart den eksisterande kjerrevegen i dalen opprusta til skogsbilvegstandard, slik at ein lettare kunne få ut vedskogen og eventuelt tømmer der oppe. Som skogsbilvegstandard er vegen bygd fram til nokre 100 m nedanføre Gammalsetra. Elles har skogen og marka eit visst beitepreg etter fleire hundre år med husdyrbeiting, og framleis beiter hundrevis av sau oppe i dalen og fjella. I tillegg nyttar hjort og elg området som beite, særleg dei ytre delane av dalen.

## 5.3

### Artsmangfald

#### Generelle trekk

Vegetasjonstypar og karplanteflora. Det er ganske mange vegetasjonstypar representert i utbyggingsområdet men karplantefloraen er for det meste artsfattig. Unntaket er eit lite område tett nedstrøms

inntaket, der det tydeleg er rikare berggrunn, med eit ganske tynt jorddekkje. I dette området er det også nokre dråg med rikmyr. Her finn ein artar som; gulstorr, kvitmaure, blåkoll, gulsildre, fjellfrøstjerne, skogmarihand og liknande artar. Ein del finnskjegg på tørrare stadar kan tyda på at området har vore utsett for eit visst beitepress gjennom tidene. Vidare nedover langs røygata er det rein blåbærskog av blåbær-kreklingutforming (A4c) med bjørk som dominerande treslag. Skogen verkar å vera relativt ung. Vidare nedover langs røygata kjem ein inn i eit område med fastmatte bakkemyr karakterisert av arter som rome og småbjønnskjegg. Etter kvart vert det større innslag av furu, for det meste ung skog, men med innslag av einskilde, eldre tre. I grove trekk har ein denne situasjonen om lag ned til ei gangbru over elva ca på kote 135 moh. Herifrå og nedover er det mest lauvtre forutan litt planta gran hist og her. I området frå gangbrua og eit stykke nedover er det ein del bjørk og spreidd med rogn og selje, men etter kvart vert gråora omlag einerådande i tresjiktet, i det minste langs vegen og elva. Mesteparten av skogen herifrå og nedover må definerast som gråor-heggeskog av sølvbunkeutforming (C3d). Dette er ofte område som er i attgroing frå eit tidlegare meir ope beitelandskap. I dei flataste områda nedover dalen hender det at elva meandrerer litt slik at det stadvist vert danna litt flommarksskog (F0501). Denne naturtypen, slik han framstår her, er likevel svært artsfattig og skil seg lite frå resten av gråor-heggeskogen langs elva. Samla sett var gråor-heggeskogen artsfattig og verka å vera relativt ung. Berre i eit mindre område mellom vegen og elva rett nedstraums Høybusetra vart det registrert eit mindre område med litt daud ved av gråor.

Der røyret for bekkeinntaket skal gå er det også for det meste bakkemyr, og da intermediær fastmatte bakkemyr. Stadvist er det svært tynt morenedekke, slik at fjellet ligg i dagen. Her vart det observert myrkråkefot, ein regionalt ganske sjeldan plante, men den står verken på den regionale eller nasjonale raudlista. Elles er det ganske frodig ved bekkeinntaket som ligg ved foten av ein foss i bekken. Heller ikkje her vart det funne noko særskild<sup>4</sup>.



**Figur 11.** Midt på biletet kan ein sjå ein liten foss i Tverrbekken. Det er rett under denne at inntaket for overføring til Engdalselva er planlagd. Det er i området ovafor fossen at dei gamle bjørkesuksesjonane er å finna (Lok. nr. 1 Tverrbekken). (Foto: Bioreg AS ©).

<sup>4</sup> Når det gjeld vegetasjonen oppom fossen, sjå eiga lokalitetsskildring s. 24.

Om ein ser litt på miljøet ved elva frå den tidlegare nemnde gangbrua om lag ved kote 135, så er det ganske bratte bredder i dette området. Det vekslar litt mellom blåbær- og røsslyngskog, mest lauvskog med bjørk som dominerande art, men også litt furu og særleg ved elva, noko ung gråor. Sjølve elveløpet er for det meste storsteinut, men sume stadar ligg fjellet i dagen. Mellom Nysetra og Gammalsetra er det ofte fattig bakkemyr som går ned til elva på begge sider. Av artar på desse stadane kan nemnast; røsslyng, blokkebær, kvitlyng, molte, småbjønnskjegg o.l. Forbi Gammalsetra er det rein bjørkeskog på venstre sida sett oppstraums, medan det på høgre sida er større innslag av furu. Oppom der Tverrbekken møter Engdalselva er det eit granholt (planta), medan det nedom dette er bjørk og gråor med einer i busksjiktet og mykje bjønnekam i feltsjiktet. Vidare oppover mot inntaket er det glissen, ganske ung blåbær-bjørkeskog med innslag av furu. Det meste av strekninga mellom Gammalsetra og inntaket ligg fjellet i dagen i elva. Ved inntaket er artar som; blåbær, røsslyng, blåtopp, slåttestorr, einer, bjønnekam, rome o.l. vanlege artar. Vegetasjonen langs bekken (Tverrbekken) som vert fråført vatn er om lag som ved elva i same området.

Det vart ikkje påvist nokon raudlista planteartar i denne delen av undersøkingsområdet ved inventeringa.

Det er relativt få vegetasjons- og naturtypar representert i den øvre og midtre delen av utbyggingsområdet og karplantefloraen er relativt artsfattig. Det er først når ein nærmar seg stasjonsområdet at ein kjem inn i litt rikare skogsmiljø. Etter å passert ei dyrkamark med røyrgrata, kjem ein inn i ein frodig gråor-heggeskog der det finst noko høgstaudevegetasjon, slik som strutsevang, turt, mjødukt, kratthumleblom m.m.. Lenger nede verkar det å vera litt mindre frodig, og det vart da også opplyst at dette var gammal beitemark (John Folde Engdal), noko som var tydeleg å sjå av artsutvalet. I dag vert området nytta som beite for sauer som av ein eller annan grunn ikkje kan sleppast til fjells. Dessutan kan det hende at dette relativt flate området har vore meir utsett for flaum som har vaska ut silt og næringsemne den tida det var beita og skoglaust her. Det vart heller ikkje påvist nokon raudlista planteart i denne delen av undersøkingsområdet ved inventeringa.

Om ein går litt grundigare til verks og tek for seg området for kraftstasjonen, så kan ein vel hevda at denne vert liggjande meir eller mindre i eit kulturlandskap i gjengroing. Eller for å presisera; dette er ei sølvbunkeutforming av gråor-heggeskog (C3d), men etter DN si Handbok 13, så bør det helst definerast som beiteskog. Vegetasjonen her er typisk for gråor-heggeskog med gråor som det dominerande treslaget, men også med innslag av artar som hegg, bjørk og litt rogn. Hassel og selje finst også spreidd. Sølvbunke samt innslag av ymse nitrofile ugras er vanleg, men det finnes også noko strutsevang, vendelrot, hundegras, blåkoll, engsoleie, engsyre m.fl. Feltsjiktet var stadvist dominert av moseartane storkransmose, stortujamose, palmemose og engkransmose, artar som alle er typiske for denne naturtypen. Stadvist finn ein og typiske naturengplantar som finnskjegg, gulaks, blåklokke, kvitsymre, engkvein, harerug m.fl. Etter å ha passert ei eigedomsgranse litt oppstrøms det beiteprega området lengst nede, kjem ein inn i ei vegetasjonstype som best vert definert som typisk gråor-heggeskog av høgstaude-strutsevang-utforming (C3a). Både her og i beiteskogen lenger nede vil ein finna ymse lavartar som lungenever, skubbenever og papirlav, samt ganske mykje ryemose på treleggane, særleg i det fuktige miljøet ved elva. Høgstaudeartar som turt, mjødukt, kratthumleblom o.l. er

vanlege artar her. I dette området er det også ganske mykje daud ved av lauvtre, men kontinuiteten i daudvedelementet verkar å vera dårleg.

På vestsida av elva nedst er det mest blåbærbjørkeskog utan særskilde registrerte verdiar innan influensområdet.



**Figur 12.** Dette biletet viser Engdalselva i området for inntaket og er teke oppe i lia aust for elva. Inntaket er planlagd plassert litt til høgre for midten på biletet, om lag ved toppen av furua litt nede i lia. På motsatt side av elva frå inntaket og eit lite stykke nedover, er det tydeleg meir kravfull vegetasjon og nokre få rikmyrsdrag. (Foto: Bioreg AS ©).

Lav- og mosefloraen verkar å vera ganske triviell i det meste av undersøkingsområdet. I eit området lengst oppe langs Tverrbekken er det derimot eit område med gammal lauvskog der lavfloraen var noko meir artsrik enn elles i dette området. Sjå skildring av dette seinare i rapporten. Truleg dannar elva for lite kløft eller juv til at dei mest fuktkevjande artane er å finna her. Jamt over ligg ho nok for ope i terrenget også. Artane som vart registrert er stort sett vanlege og vidt utbreidde. I og ved det meste av elva var det dei to moseartane, mattehutremose og stripefoldmose som dominerte. På steinar i elva var det ofte bekkegråmose som rådde grunnen. Både ved bekken som renn ut tett oppom gangbrua om lag midt i dalen og i området der Tverrbekken renn ut i Engdalselva er det litt meir artsrikt enn elles, og følgjande moseartar vart registrert og namnsett frå desse stadane;

Bekkegråmose	<i>Racomitrium aquaticum</i>
Bekkerundmose	<i>Rhizomnium punctatum</i>
Bekketvibladmose	<i>Scapania undulata</i>
Broddglefsemose	<i>Cephalozia bicuspidata</i>
Fjordtvibladmose	<i>Scapania nemorea</i>
Flikvårmose	<i>Pellia epiphylla</i>

Kystjamnemose	<i>Plagiothecium undulatum*</i>
Mattehutremose	<i>Marsupella emarginata</i>
Oljetrappemose	<i>Nardia scalaris</i>
Ranksnøemose	<i>Anthelia julacea</i>
Sprikesleivmose	<i>Jungermannia obovata</i>
Stivkulemose	<i>Bartramia ithyphylla</i>
Storhoggtann	<i>Tritomaria quinquedentata</i>
Stripefoldmose	<i>Diplophyllum albicans</i>
Sumpsaftmose	<i>Riccardia chamaedryfolia</i>

Vidare nedover langs elva er det mindre artsrikt og det er mest artar som bekkegråmose, bekketvibladmose, flikvårmose, mattehutremose og stripefoldmose som dominerer. Dessutan vart det registrert nokre artar som er knytt til skogbotnen og som til dels veks på trestammar ved elva slik som;

Engkransmose	<i>Rhytiadelphus squarrosus</i>
Matteflette	<i>Hypnum cupressiforme</i>
Palmemose	<i>Climacium dendroides</i>
Ryemose	<i>Antitrichia curtipendula*</i>
Storkransmose	<i>Rhytiadelphus triquetrus</i>
Stortujamose	<i>Thuidium tamariscinum</i>

Sjølv om fleire av desse artane er typiske for fuktige miljø, så må alle likevel seiast å vera ganske vanlege.

(Mosane er namnsett av Finn Oldervik, Aure)

Dei fleste stadane innan utbyggingsområdet var det svært artsfattig kva gjeld lav. Berre heilt vanlege artar innan kvistlavsamfunnet, samt nokre skorpelav som er karakteristisk for stein og berg ved elver og bekkar. Av lav som dels tilhøyrrer lungeneversamfunnet og er meir eller mindre krevjande vart følgjande artar registrert<sup>5</sup>:

Bikkjenever	<i>Peltigera canina</i>
Blåfiltlav	<i>Degelia plumbea</i>
Glattvrenge	<i>Nephroma bellum</i>
Kystfiltlav	<i>Pannaria rubiginosa</i>
Kystgrønnever	<i>Peltigera britannica</i>
Kystårenever	<i>Peltigera collina</i>
Lodnevrenge	<i>Nephroma resupinatum</i>
Lungenever	<i>Lobaria pulmonaria</i>
Skrubbenever	<i>Lobaria scrobiculata</i>
Stiffiltlav	<i>Parmeliella triptophylla</i>

<sup>5</sup> Svært mange av desse artane vart funne på ein lokalitet som truleg ikkje vert påverka av tiltaket i det heile. Sjå seinare!

Sølvnever	<i>Lobaria amplissima</i>
Hengestry	<i>Usnea filipendula</i>
Piggstry	<i>Usnea subfloridana</i>

I tillegg til desse artane vart det registrert nokre heilt vanlege artar frå kvistlavsamfunnet. Det er særleg grunn til å merkja seg sølvnever, som vel er den mest krevjande av desse artane. Arten er oftast knytt til gamle rikborkstre, ofte selje, osp, rogn eller alm. I dette tilfelle vart arten funne på ei einaste rogn i gammal lauvskog. Elles vart det registrert spreidd med skrubbenever og lungenever samt glattvrenge der det vaks litt eldre otre langs elva.

Konklusjon for mosar og lav. Elva er lett tilgjengeleg dei fleste stadane, slik at ein fekk undersøkt heile elvestrengen og omgjevnadane. Med omsyn til mosar, så kan ein konkludera med at det er middels artsrikt i influensområdet til dette planlagde tiltaket, men det er ikkje noko som indikerer at det kan finnast interessante miljø for mosar her, slik som;

- fuktkrevjande, suboseaniske mosar (storstylte *Bazzania trilobata*, heimose *Anastrepta orcadensis*, gullhårmose *Breutelia chrysocoma* og pelssåtemose *Campylopus atrovirens*). Årsak; Dei nemnde artane er oftast knytt til rikare miljø enn det ein finn i utbyggingsområdet til dette prosjektet. Det er nok også helst i sør- og mellomboreal vegetasjonssone ein finn slike artar, medan undersøkingsområdet stort sett tilhøyrrer mellom- og nordboreal sone. Dessutan er det ganske sikkert for tørt miljø i lange periodar av året, grunna eit for det meste ope og tidvis soleksponert terreng.
- kravfulle, fuktkrevjande og vassdragstilknytte råtevedmosar (som røtetvibladmose *Scapania massalongi* og fakkeltvibladmose *Scapania apiculata*). Årsak; Lite/ikkje noko råteved i og inntil elva.
- Basekrevjande samfunn på steinblokker og overhengande berg (som ulike blygmosar *Seligeria*). Årsak; For sur berggrunn og mangel på høvelege habitat.

Vi fann berre svake signalartar på verdfulle lavsamfunn og ingen indikasjonar på at meir kravfulle artar og samfunn kunne finnast her som:

- Velutvikla lungeneversamfunn (med m.a. porelav, sølvnever, krevjande fillavartar). Årsak: Mangel på grove og gamle rikborkstre (edellauvtre, osp, selje m.v.), samt at skogen jamt over er ung og at det truleg er noko tørt og soleksponert til tider<sup>6</sup>.
- Fuktkrevjande fattigborksartar (som ofte også veks på berg) blant busk- og bladlav (som groplav, kort trollskjegg, skrukkelav m.v.). Årsak: Mangel på store og skjerma bergveggar langs elva og uegna miljø generelt.
- Fuktkrevjande skorpelav på berg (særleg overhengande berg) (som ulike knappenålslav særskilt): Årsak: Mangel på skjerma bergveggar og blokkmark med variert mikrotopografi.

Lauvskogen i området er gjennomgåande ung og lungeneversamfunnet er difor ganske dårleg utvikla. Hyppig uttak av ved kan og vera ein årsak. Ved synfaringane vart det ikkje påvist særskilde råtevedmosar i området.

<sup>6</sup> I denne vurderinga er berre område som vert direkte påverka av tiltaket vurdert.

Soppfunga. Bortsett frå orepluggsopp i gråor-heggeskogen nedst i området vart ingen artar frå denne artsgruppa registrert og identifisert. Sjølv om det var ein god del daud ved i deler av denne skogen, så vart det ikkje registrert anna enn vidt utbreidde og vanlege artar av vedboande sopp der. Av slike artar kan nemnast; silkekjuke og beltekjuke samt barksoppene, *Sistotrema brinckmanni* og *Hyphoderma praetermissum*. Ingen artsgrupper av sopp verka å ha særleg potensiale for raudlisteartar. Dette gjeld så vel mykorrhizasopp som vedboande artar.

Heller ikkje lenger opp vart det registrert og identifisert interessante artar frå denne artsgruppa. Daud ved er stort sett mangelvare i heile området, og det vart heller ikkje registrert anna enn vidt utbreidde og vanlege artar av vedboande sopp der. Heilt øvst ved bekken som skal overførast vart det samla nokre slike artar og dette viste seg å vera vanlege artar som knivkjuke og knuskkjuke på bjørk samt barksoppene *Sistotrema brinckmanni*, *Hyphoderma praetermissum* og *Hyphoderma pallidum*. Ingen artsgrupper av sopp verka å ha særleg potensiale for raudlisteartar. Dette gjeld så vel mykorrhizasopp som vedboande artar. Årsak: Truleg for ung skog grunna tidlegare intensiv husdyrbeiting og/eller sterkt veduttak. Elles kan ein kan vel seia at det var mangel på rike skogsmiljø generelt.

Ved inventeringa vart potensialet for virvellause dyr (invertebratar) vurdert, både i og utanfor sjølve vass-strengen. Når det gjeld til dømes biller som er knytte til daud ved, så er potensialet vurdert som dårleg for funn av sjeldne og raudlista artar, og i tilfelle slike skulle finnast, så måtte det helst vera i den beita gråor-heggeskogen. Handbok 13 viser m.a. til at undersøkingar i Sverige konkluderer med at artsmangfaldet av biller er større i ein open beiteskog med lang hevd enn mange andre stadar. Men i og med at dei mest sjeldne billene oftast er å finna i meir varmekjær lauvskog, så er truleg potensialet ikkje særleg høgt i denne skogen heller.

Larvane til insekt som døgnfluger, steinfluger, vårfluger og fjørmygg lever oftast i grus på botnen av bekkar og elver. Potensialet for funn av raudlisteartar frå desse gruppene er også vurdert som dårleg. Dette vert grunna ut frå at vassdraget er tilhøvesvis ganske einsformig med mangel på bottenvegetasjon og stort sett fattig kantvegetasjon. I slike vassdrag er det sjeldan ein finn interessante artar. Det er helst i rolege elveparti med godt utvikla bottenvegetasjon slike artar finst.

Av fugl vart mest berre vidt utbreidde og trivielle artar påvist under inventeringa, slik som nokre trosteartar, kråke, ramn o.l. Unntaket er at ved den siste inventeringa i 2010 vart det registrert ganske stor aktivitet av strandsnipe i eit område omtrent midt i dalen. Mykje tyder på at det var vaksne fuglar i tillegg til eit ungekull. Også munk vart observert syngande ved den siste inventeringa. Fossefall vart heller ikkje observert ved inventeringane, men ein har fått opplyst at arten er registrert i vassdraget (pers. meld. Lars Halse) og ein ser difor ikkje bort frå at det hekkar minst eitt, men truleg fleire par på elvestrekket mellom inntaksdam og kraftstasjon. Det er helst i dei øvre delane av elva at ein kan venta hekking av fuglen, samt i den nedste delen då det er her at ein finn dei brattaste partia av elva. Kommunen sin viltdatabase viser lite av registrert dyre- og fugleliv i Engdalen. Ein rovfugl (NT) er registrert som hekkande opp i fjella aust for dalen og ein kjenner også til at kvitryggspett (NT) hekkar litt lenger nede i dalen. Utbyggingsområdet kan kanskje vera ein del av jaktområdet/reviret til begge desse fuglane. Ein finn også grunn til å nemna at fjella aust for Engdalen er rekna som eit viktig leveområde for fjellrype i nabokommunen, Hemne. Engdalen er ikkje kjend som eit særleg godt leveområde for hønsfugl som orrfugl og storfugl, truleg


grunna relativt lite furuskog. Med tanke på gråor-hjeggeskogen nedst i området er det også grunn til å nemna at dette er den naturtypen som har høgast tettleik av sporvefuglar i landet vårt.

Pattedyr og krypdyr. Både rådyr, hjort og elg er jaktbare viltartar i Engdalen, slik som dei fleste stadane i Halså kommune. Oter (VU) er også observert i Engdalselva, men berre heilt nede ved sjøen (pers meld. Ingvar Engdal). Av andre ville pattedyr her kan nemnast; mår, røyskatt, rev og hare. Av krypdyr kjenner ein ikkje til andre enn hoggorm og frosk.

Fisk. Den nedste delen av elvestrekket som skal byggast ut er rekna som lakseførande. Miljøvernavdelinga hos Fylkesmannen i Møre og Romsdal har påvist både laks og sjøaure i Engdalselva (Pers meld. hos Fylkesmannen i Møre og Romsdal ved Ove Eide), medan ei undersøking av Miljøanalyser i 2007 (Langelo, 2007) berre påviste aure. Elles er det kjend at Engdalselva har ein fin populasjon av bekkeare (pers meld. Tore Halse).

### Raudlisteartar

Det er påvist to raudlista fugleartar i Engdalen, men begge har ukjend hekkestatus i dag. Ein må likevel gå ut frå at dei 2 artane, som begge har raudlistestatus som *nær truga (NT)*, hekkar så nokolunde regelmessig i dalen. Truleg nyttar begge artane utbyggingsområdet på jakt etter mat. I tillegg finst det oter (VU) heilt nedst i elva (pers meld. Ingvar Engdal).



Figur 13. Kartet viser førekomst av vilt, dvs. rådyr i kulturlandskapet nær bygda og sjøen og rovfugl i fjellet aust for Engdalen.

## 5.4

### Naturtypar

Det er tre hovudnaturtypar som dominerer i utbyggingsområdet, nemleg skog og myr i tillegg til noko kulturlandskap. Med det siste tenkjer ein både på Gammalsetra, beiteområda ved Høybusetra om lag midt i dalen og dyrkamark og skogsbeite nedst. Ein kan også hevda at området ved skogsbilvegen er kulturmark, i og med den menneskelege påverknaden som har vore og framleis er her. I eit område som truleg vert uaktuelt i utbyggingssamanheng vart det registrert noko gammal lauvskog delvis av småbregne-fjellskog-utforming (A5c). Elles er det mest fattig fastmattemyr og mest ung både røsslyng- og blåbær-blandingsskog med innslag av både lauvtre og furu. Nedst er det litt gråor-heggeskog (C3) samt eit område med beiteskog der kraftstasjonen er tenkt plassert. Å definera noko av utbyggingsområdet som bekkekløft vert ikkje rett, då Engdalselva knapt dannar noko kløft på heile utbyggingsstrekninga. Det einaste måtte da vera den grunne kløfta ved Gammalsetra.

## 5.5

### Verdfulle naturområde

Naturen langs Engdalselva er ikkje særleg variert, og ved inventeringa vart det ikkje funne lokalitetar langs elva som kunne utskiljast og verdisett som eigne naturtypelokalitetar. Ein har likevel kome fram til fire lokalitetar, der tre vert skildra og verdisett i denne rapporten, medan den andre er undersøkt og verdisett tidlegare og vert berre skjematisk omtala her. Det siste gjeld *Gammalsetra*, ein lokalitet som vart oppsøkt 24.09.1996 av John Bjarne Jordal og ei skildring av lokaliteten finn ein i Naturbasen, der Jordal & Gaarder (1997) vert oppgjeve som kjelde. Lokaliteten vert der verdisett som; **Lokalt viktig – C**.

Helt nedst er det avgrensa og skildra to lokalitetar, ein med gråor-heggeskog og ein med beiteskog. I det lange, relativt flate midtpartiet vart det ikkje registrert prioriterte naturtypar.

Sjølve vass-strengane vil alltid ha kvalitetar ved seg som gjer dei verdfulle for artsmangfaldet i naturen. Særleg gjeld dette ymse invertebratar (virvellause dyr) som døgnfluger, steinfluger, vårfluger og fjørmygg. Sjølv om ein ikkje finn sjeldne eller raudlista artar i vassdraget av desse artane, så er larvane deira viktige m.a. som føde for nasjonalfuglen vår; fossekallen som er observert ved Engdalselva og som ganske sikkert hekkar der. I tillegg til strandsnipe og fossekall så er larvane også viktige som fiskeføde og må nok sjåast på som hovudføda til bekkeauren i elva. Ei samla vurdering gjer at vi må tilrå minstevassføring i elva, jfr. også kapittel 8.

Omfram Gammalsetra som er omtala lenger oppe vart det registrert og verdisett tre andre naturtypar nær eller innan utbyggingsområdet.

#### **Lok. nr. 1. Tverrbekken. (Gammal lauvskog, bjørkesuksesjonar).**

**Verdi: Lokalt viktig - C.**

Halsa kommune .

UTM EUREF89 32V MR Ø 8965 N 0199

Høgde over havet: Ca 340 - 380 m

#### **Naturtyperegistreringar:**

**Naturtype:** Gammal lauvskog. Bjørkesuksesjonar.

**Verdi:** Lokalt viktig - C.

**Vernestatus:** Ingen vernestatus.

**Feltsjekk:** 13.10.2006 av FGO.

#### **Lokalitetsskildring:**

*Generelt:* Lokaliteten vart oppsøkt og registrert med tanke på eventuelt eit mini bekkekraftverk heilt øvst i Engdalen. Førabels er desse planane lagd til sides og vert

neppe noko av. Lokaliteten ligg avsides og lite tilgjengeleg til oppe i ei vestvendt lisode heilt øvst i Engdalen. Dette er truleg årsaka til at skogen her er mykje eldre enn lenger nede i dalen og ved elva.

*Vegetasjon:* I hovudsak veks det gammal lauvskog her, mest bjørk, men også artar som rogn og litt selje. Noko furu finst og, i tillegg til nokre spreidde høgstubbar. Mykje av området må nok definerast som blåbærskog av ymse utformingar, men ein finn også område som best vert karakterisert som småbregneskog av småbregne-fjellskog-utforming. I tillegg finst det litt lågurtskog.

*Kulturpåverknad:* Spora etter menneskelege aktivitetar er lite synleg i dette området, men diffuse hogstspor finn ein nok også her. Truleg har det likevel gått lang tid mellom kvar gong det har vore hogd her, noko som medfører at det har vore ganske god kontinuitet på lokaliteten. Andre spor etter menneskeleg aktivitet finn ein ikkje på denne her. Det er likevel truleg at det har vore beita av husdyr her i eldre tid, særskild då Gammalsetra var i bruk. Noko beiting av sau har det nok vore seinare òg.

*Artsfunn:* Det er ikkje funne raudlisteartar frå nokon artsgruppe her. Når det gjeld karplanter så kan ein, utanom dei treslaga som er nemnd tidlegare nemna artar som; storfrytle, bergfrue, bjønnekam, blåbær, kreking, skrubbær, tytebær, fjellmarikåpe, fugletelg og hengeveng. Av mose vart det ikkje registrert anna enn dei vanlege artane, mattehutremose og stripefoldmose. Lavfloraen derimot var ganske rik, og frå lungeneversamfunnet vart den ganske kravfulle arten, sølvnever observert. Av andre lavartar kan nemnast; lungenever, skrubbenever, blåfiltlav, stiftfiltlav, glattvrenge m.fl.

#### **Verdivurdering:**

Lokaliteten er ein middels stor, men ganske godt utvikla bjørkesuksesjon, ein naturtype som verkar å vera sjeldan i dette området. Sjølv om sølvnever ikkje er raudlista, så er den likevel ganske sjeldan og er rekna som ein sær god signalart blant artane i lungeneversamfunnet. Sidan det ikkje vart funne raudlisteartar og lokaliteten ikkje er særleg stor, så har ein vald å verdisetja han som; **Lokalt viktig – C**. Avgrensinga er omtrentleg, særleg i nord.

#### **Framlegg til skjøtsel og omsyn:**


Denne lokaliteten treng ikkje særskild skjøtsel, men lokaliteten bør få vera mest muleg i fred for alle former for menneskelege inngrep.



**Figur 14.** Parti frå Tverrbekken og området med lauvskog i form av gamle bjørkesuksesjonar (Lok. nr. 1). Heilt til høgre på biletet ser ein ei bjørk som er knekt, truleg av snøen, og nede i høgre hjørne ligg det nokre gamle læger av bjørk. (Foto: Bioreg AS ©).



Figur 15. Dette flyfotoet viser inntaksområdet i Engdalselva og om lag kvar bekkeinntaket skal vera. Til venstre, skravert gult er lokalitet nr. 1, Tverrbekken, som er eit område med gamle bjørkesuksesjonar. Om ein ser nøye på øvre halvdel av fotoet vil ein sjå at det har vore ymse inngrep der i form av enkle traktorveggar. Det ligg også nokre hytter her, men dei er ikkje så lett å få augo på.



Figur 16. Dette kartet viser det same området som flyfotoet på sida framom. (Både kartet og flyfotoet er henta frå Gislink 26.02.2007).



Figur 17. Biletet viser området der Tverrbekken renn ut i Engdalselva. Mosefloraen vart særleg godt undersøkt i dette området, men ingen sjeldne eller særleg fuktkevjangende artar vart påvist. (Foto: Bioreg AS ©).

**Lok. nr. 2. Øyan skogsbeite. (Kulturmark - skogsbeite). Verdi: Lokalt viktig - C.**

Halsa kommune .

UTM EUREF89 32V MR Ø 8720 N 05364

Høgde over havet: Ca 15 - 50 m

**Naturtyperegistreringar:**

**Naturtype:** Kulturlandskap. Beiteskog.

**Verdi:** Lokalt viktig - C.

**Vernestatus:** Ingen vernestatus.

**Feltsjekk:** 12.10.2006 av FGO.

**Lokalitetsskildring:**

*Generelt:* Lokaliteten består for det meste av eit skogsområde i gjengroing. Området har tidlegare vore nytta som beitemark for storfe, men er no bruka som beite for sau. Då beitet lenge var ute av bruk, har skogen vakse til, slik at det stadvis står gråor og anna lauvtre tett på lokaliteten. Men framleis er det opne glenner i skogen som tydeleg viser beitepreget der.

*Vegetasjon:* Gråor er det dominerande treslaget og lokaliteten kan nok også definerast som ein svakt utvikla gråor – heggeskog av sølvbunke-utforming (C3d). Det er muleg at noko av lokaliteten har vore påverka av flamar tidlegare, kanskje særleg den tida det var heller skoglaust og kanskje lite som batt jordsmonnet når vatnet herja. Stadvis verka det i alle fall lite frodig om ein samanliknar med gråor-heggeskogen lenger oppe. No kan det og vera at langvarig beiting utan gjødsling har medført at ein har hatt ei endring mot ein meir lågurt- og naturengprega vegetasjon.

*Kulturpåverknad:* Som nemnd er den beitetolerante plantearten sølvbunke vanleg her, noko som viser at beiting har langvarig hevd på lokaliteten. Noverande eigar, John Folde Engdal opplyser då også at området har vore nytta som beite for kyr

tidlegare. Han fortel vidare at ein hadde sommarfjøs her i tidlegare tider. Elles er det nokre nyare inngrep, slik som nokre traktorveggar i tillegg til spor etter eldre kjerrevegar.


**Artsfunn:** Det er ikkje funne raudlisteartar frå nokon artsgruppe her. Når det gjeld karplanter utanom gråor og sølvbunke, så er lauvtrearter som rogn og selje og litt bjørk ganske vanleg. Spreidd finn ein og litt hassel. I feltsjiktet finn ein arter som sølvbunke, litt strutsevang, vendelrot, hundegras, blåkoll, engsoleie, engsyre m.fl. Feltsjiktet er stadvist dominert av moseartane storkransmose, stortujamose, palmemose og engkransmose, artar som alle er typiske for denne naturtypen. Stadvis finn ein og typiske naturengplantar som finnskjegg, gulaks, blåklokke, kvitsymre, engkvein, harerug m.fl. for å nemna dei mest vanlege. Lavfloraen er omtrent som forventa, med litt lungenever og skrubbenever. I tillegg vart nokre vrengearter (inkludert kystvrenge) påvist. Også kvistlavfloraen er triviell.

**Verdivurdering:**

Lokaliteten er ein middels stor og ikkje særleg velutvikla beiteskog av gråor-heggeskogtypen. Kunnskapsnivået er ikkje særleg høgt i Noreg om denne naturtypen, men den bør sjåast i samanheng med oppretthalding av hevd på setervoller, seterbeiter og anna kulturmark. Lokaliteten er langt på veg i ferd med å gro igjen, slik at beitetrykket nok kunne ha vore noko større enn det er no. Slik beiteskogen framstår i dag kan den neppe verdisetjast som meir enn; **Lokalt viktig – C**. Avgrensinga er omtrentleg, særleg i aust.

**Framlegg til skjøtsel og omsyn:**

I deler av lokaliteten er gjengroinga kome vel langt, slik at rydding både av noko trevegetasjon og kratt elles hadde vore ein fordel for naturverdiane her. Om slike tiltak vert sett i verk er det viktig å setja att kantsone ved elva, samt spreidde holt elles i lokaliteten. Beitetrykket kunne med fordel ha vore auka.



Figur 18. Kartet viser dei to avgrensa lokalitetane, lok. nr. 3, Øyan og lok. nr. 4, Kverhusslattet. Lokalitetane er skild med eit grensegerde. (Nummereringa er feil på kartet!)

### Lok. nr. 3. Kvernhuslættet. (Gråor - heggeskog). Verdi: Lokalt viktig - C.

Halsa kommune .

UTM EUREF89 32V MR Ø 8732 N 0502

Høyde over havet: Ca 30 - 50 m

#### Naturtyperegistreringar:

Naturtype: Skog; Gråor-heggeskog.

Verdi: **Viktig – B.**

Vernestatus: Ingen vernestatus.

Feltsjekk: 12.10.2006 av FGO.

#### Lokalitetsskildring:

*Generelt:* Lokaliteten er avgrensa av eit grensegjerde mot ein beiteskog samt Engdalselva i nord og ein skogsbilveg og dyrkamark i sør. Det har neppe vore hogd her i særleg grad dei seinare åra, og det er ein god del daud ved på lokaliteten, noko som kan tyda på ein viss grad av kontinuitet.

*Vegetasjon:* Vegetasjonen på lokaliteten er typisk for naturtypen, med gråor som det dominerande treslaget og med ein god del høgstaudar i feltsjiktet. Med andre ord er dette ein typisk gråor-heggeskog av høgstaude-strutseving-utforming (C3a).

*Kulturpåverknad:* På sjølve lokaliteten er det få spor etter kulturpåverknad å sjå i dag, men det må nok likevel ha vore utført vedhogst her i ei ikkje alt for fjern fortid. At vegetasjonen framleis er svært tett vitnar om det.

*Artsfunn:* Som nemnd er gråor det dominerande treslaget, men det er også litt innslag av andre lauvtreartar som; selje, bjørk og rogn. Av høgstaudeartar kan nemnast strutseving, turt, mjødukt, kratthumleblom m.m. På treleggane ved elva er ryemose svært vanleg. Lungeneversamfunnet er ikkje særleg godt utvikla på lokaliteten, men det vart så vidt registrert litt lungenever og skrubbenever, samt litt stiftfildlav, glattvrenge og bikkjenever. Av vedboande poresopp vart dei svært vanlege artane; silkekjuke og beltekjuke påvist. I tillegg dei to barksoppene; *Sistotrema brinckmanni* og *Hyphoderma praetermissum*. Alle fire er vanlege og vidt utbreidde.

**Verdivurdering:** Lokaliteten er liten og artsutvalet, særleg av lav tydar ikkje på langvarig kontinuitet her. Sjølv om det er ein god del daud ved, så vart det heller ikkje påvist interessante artar av vedboande sopp på lokaliteten. Den kan difor ikkje verdisetjast høgge enn som; *Lokalt viktig – C.*


**Framlegg til skjøtsel og omsyn:** Nokon særskild skjøtsel treng ikkje denne lokaliteten, men bør få vera mest muleg i fred for alle former for inngrep.

**Tabell 2. Verdfulle lokalitetar/førekomsstar med oppgjeven verdi, omfang og verknad.**


Lok. nr.	Lok. namn	Naturtype	Verdi	Omfang	Verknad
Nr. 1	Tverrbekken	Skog. Gammal bjørkesuksesjon.	Middels	Ikkje noko neg.	Ikkje noko
Nr. 2	Øyan	Kulturlandskap. Beiteskog	Middels	Middels/lite neg.	Liten/middels
Nr. 3	Kvernhuslættet	Gråor-heggeskog	Middels	Stort/middels	Middels/liten
Nr. 4	Gammelsetra (Sjå naturbase)	Kulturlandskap. Naturbeitemark.	Middels	Lite/middels	Liten
Nr. 5	Engdalselva	Viktige fiskeslag	Middels/liten	Middels/lite	Middels/lite

S

Samla verddivurdering<sup>7</sup> av utbyggingsområdet inkludert influensområdet til dette tiltaket er illustrert av denne glideskalaen og vert vurdert som **middels/liten**.



Figur 19. Biletet viser Engdalselva i området nedstraums gangbrua om lag ved kote 135. Som ein ser er det ganske bratte bredder akkurat her, og der veks det gråorskog i suksesjon etter ein ikkje alt for gammal vedhogst i området. (Foto: Bioreg AS ©).



Figur 20. Dette biletet er teke litt nedstraums Gammalsetra. Det viser ein ganske djup høl i elva, samt at fjellet ligg i dagen i dette området. Ein ser vidare at lauvskogen ser ut til å dominere på venstre sida av elva, medan småvaksen furuskog dominerer på høgre. (Foto: Bioreg AS ©).

<sup>7</sup> Skalaen nedaføre viser verdien av heile utbyggingsområdet, ikkje berre dei to lokalitetane. Anadrome laksefisk er likevel ikkje vurdert i denne samanhengen.



**Figur 21.** Biletet viser beiteområdet ved Høybusetra. Det lange steingjerdet i bakgrunnen viser at dette er gammel kulturmark. Om vi ikkje har misforstått, så har det vore gjenrydda for skog og kratt her for nokre år sidan. (Foto: Bioreg AS ©).

## 6 OMFANG OG VERKNAD AV TILTAKET

Her følgjer ein delvis metoden for konsekvensvurderingar, men utan bruk av 0-alternativ og omgrepa er noko endra. I tillegg vert undersøkingsområdet prøvd samanlikna med resten av nedbørsfeltet og/eller andre vassdrag i distriktet.

### 6.1 Omfang og verknad

Tiltaket medfører at elva mellom inntaket og den planlagde kraftstasjonen i periodar får lita vassføring. I tillegg vil legging av rør, strømkabel, bygging av veier m.m. medføre inngrep i marka i form av gravearbeid.

Ein konflikt av tiltaket ligg også i dei negative konsekvensane det får for produksjon av botnfauna som ein må venta når vassføringa minkar vesentleg i elva. Redusert vassføring i elver vil kunne påverka ei rekke artsgrupper. Nedst i næringskjeda er botndyra og larvene deira, og effekten på desse av redusert vassføring er kort oppsummert av Raddum m.fl. (2006):

1. Redusert vassføring gjev redusert areal for produksjon av botndyr. Reduksjonen i botnareal er oftast proporsjonal med vassføringa, noko avhengig av botnprofilen på elva.
2. Redusert vassføring gjev vanlegvis auka temperatur, auka sedimentering og uendra eller auka tettleik av botndyr i dei vassdekte botnareala. Samansettinga av arter kan verta endra.
3. Auka vassføring aukar vassdekt areal som botndyr kan nytta. Auka vassføring gjev som regel redusert temperatur. Botnfaunaen kan

også verta endra på grunn av forandring i botnsubstrat, auka vekst og auka driv som vaskar ut larvar og dødt organisk materiale.

4. Sterkt fluktuerende vasstand gjev store skader ved at dei negative effektane av tørrlegging og høg vassføring stadig blir gjentatt.
5. Tørrlegging over lengre perioder medfører utradering av ein stor del av botndyra.

Desse endringane kan så i sin tur gje endra livsvilkår for vassdragstilknytte artar av fugl og pattedyr gjennom bl.a. endringar i næringstilgang og reproduksjon/hekkesuksess. I vassdragssaker har det vore fokusert mest på fossekall sidan den er den spurvefuglen som har sterkast tilknytning til rennande vatn, men artar som strandsnipe, vintererle og sivspurv<sup>8</sup> kan også verta negativt påverka av vassdragsendringar. Eventuelle fiskepopulasjoner blir sjølsagt også negativt påverka av disse endringene.

### Fisk

Området mellom kraftverket og vandringshinderet vil få lågare vassføring etter ei ev utbygging, noko som kan føra til at færre fisk vandrar forbi stasjonsområdet og vidare oppover. Ein viser elles til Langelo (2007).

### Fossefall

Steel et al (2007) gjer følgjande vurdering av konsekvensar og avbøtande tiltak for fossefall:

”Vi har god kunnskap om fossefallens viktigaste krav til hekkeområde og reirplass. Ut frå dette veit vi at ein utbygging utan avbøtande tiltak vil verka negativt på alle hekkeområdene som vert påverka av tiltaket, og ein stor del vil verta heilt øydelagd. Vi kan altså identifisera effektar som heilt eller delvis bortfall av bruk og ein redusert ungeproduksjon. Det vi manglar pr. i dag er kunnskap om kor store desse effektane faktisk blir ved ein gitt utbygging. For å kunne svare på dette treng vi kunnskap om grenseverdier for bekkar av ulik storleik vedrørende viktige faktorar som:

- Minstevassføring
- Slukeevne i forhold til middelvassføring
- Manøvreringsreglement
- Lengde på rørgate

Vi kjenner ulike avbøtande tiltak som heilt klart vil verke positivt for fossefall, men vi veit ikkje i kor stor grad desse vil redusera ulempene. Oppretting av minstevassføring og reduksjon av røyrgata si lengde vil i større eller mindre grad påverka økonomien i prosjektet. Etablering av kunstige reirplassar under kraftverk og eventuelt på inntaksdam vil medføra ein svært liten kostnad, men kan ha stor positiv effekt for fossefallet. Fleire studiar har vist at fossefallet aksepterer og i stor grad tek i bruk rugekasser om dei er sett opp på ein gunstig stad. Vi har likevel trong for kunnskap om i kor stor grad etablering av nye reirplassar kan kompensera for at dei naturlege reirplassane er gjort heilt eller delvis ubrukelege”.

Tiltaksplanane går i grove trekk ut på å grava ned røyret i lausmassar heile vegen og det vil slik ikkje verta til hinder for ferdsel verken for menneske eller dyr. Røyrtaseen vil øvst, for det meste gå gjennom skogsområde med ganske spreidd tresetting og noko fattig fastmatte

---

<sup>8</sup> De to siste artene er uaktuelle her.

bakkemyr som neppe medfører særleg tap av biologisk mangfald. Det same gjeld overføringa av bekk til inntaksdam eller sjølve inntaket. Heller ikkje langs vegen der røyret skal gå mykje av vegen ned til kraftstasjonen vart det registrert særskilde verdiar for biologisk mangfald.

Nedst vil røytraseen vil gå gjennom deler av ei fulldyrka ekre, noko som ikkje medfører tap av biologisk mangfald. Vidare vil ho passera ein liten gråor-heggeskog av lokal verdi. Dette vil medføra at det meste av lokaliteten vil gå tapt. Vidare vil ho gå gjennom ein beiteskog med gammal hevd, men som delvis har vore ute av hevd ein periode, og som no er hevda med litt beiting av sau. Litt av naturverdiane på lokaliteten vil nok gå tapt, men noko av lokaliteten burde likevel ha vore rydda for kratt og ein del skog. Også plassering av kraftstasjon og tilførselsveg innan same området vil medføra litt tap av beiteskogsarealet. Utanom anadrome laksefisk som er omtala tidlegare, så er det heller ikkje påvist artar frå nokon artsgruppe i eller ved elva som krev høg og stabil vassføring<sup>9</sup>. Hekkanke raudlista fugl vert neppe negativt påverka av tiltaket.

Legging av røyr vil medføra litt tap av biologisk mangfald i området, men noko av dette vil truleg vinnast attende når inngrepa med tida gror igjen. Etter det ein kan sjå så ligg truleg den største konflikten av tiltaket i dei negative konsekvensane det får for nedgangen i produksjon av botnfauna som ein må venta seg når vassføringa minkar vesentleg i elva. På grunn av dette er det truleg at tilhøva for fossefall og fisk vert noko negativt påverka. Ved ei eventuell utbygging vil både mattilgang og hekketilhøve for fossefall verta noko dårlegare. Dei negative verknadane for fisk kan truleg i nokon grad avbøtast med relativt enkle tiltak som utlegging av gytegrus. Samla omfang for verdfull natur inkludert fisk, av denne utbygginga må ut frå dette reknast som middels negativt.

**Omfang:** *Middels negativt.*

Omfang av tiltaket				
Stort neg.	Middels neg.	Lite / ikkje noko	Middels pos.	Stort pos.
-----	-----	-----	-----	-----
▲				

Tiltaket vil gje middels/lite negative verdiendringar av påviste verdfulle miljø. Miljøet i elva vil få noko reduserte naturverdiar og det er mest for fossefall og fisk at dei negative verknadane vert målbare, men også i ein liten gråor-heggeskog og ein beiteskog vil noko biologisk mangfald kanskje gå tapt.

**Konsekvensverknad:** *middels/lite negativ*

Verknad av tiltaket						
Sv.st.neg.	St.neg.	Midd.neg.	Lite / intet	Midd.pos.	St.pos.	Sv.St.pos.
-----	-----	-----	-----	-----	-----	-----
▲						

<sup>9</sup> Ein held da fisk utanføre.

## 6.2

## Samanlikning med andre nedbørsfelt/vassdrag

I følge handboka så er verknader og konfliktgrad avhengig av om det finst liknande kvalitetar utanfor utbyggingsområdet. Det er kjent at det ligg føre planar om utbygging av fleire vassdrag både i Halså og i nabokommunane. Samtidig veit ein at mange av vassdraga i dette området alt er utbygd. I influensområdet til den planlagde utbygginga av Engdalselva er det ikkje påvist særskilde verdiar eller kvalitetar som spesifikt kan knytast til elva utanom den verdien som elvestrekninga har for fossefall og fisk. Det vert likevel ikkje rett å hevda at andre elver kan erstatta Engdalselva som gyte- og oppveksthabitat for anadrom fisk. Ei samanlikning med andre elver har difor liten meining i dette tilfellet.

## 7

## SAMANSTILLING

Generell skildring av situasjon og eigenskapar/kvalitetar		i) Vurdering av verdi
Engdalselva er eit middels stort og det meste av vegen, middels raskt strøymande vassdrag i utbyggingsområdet. I det aktuelle utbyggingsområdet for dette tiltaket har elva tilførsel frå eit nedbørsfelt på 9,83 km <sup>2</sup> med ei årleg middelavrenning på 600 l/s. Ein bekk, Tverrbekken skal overførast til inntaksdammen. Ein går ut frå at det hekkar fossefall i vassdraget. Det går anadrom fisk i nedste del av utbyggingsområdet. Røyr gata og bekkeoverføringa vil ikkje gå gjennom viktige lokalitetar utanom to lokalitetar av lokal verdi nedst i utbyggingsområdet. Vassføringa i elva mellom inntak og kraftstasjon vil verta sterkt redusert, særleg i den øvste delen.		<p>Liten    Middels    Stor</p> <p> ----- ----- </p> <p>▲</p>
Datagrunnlag: Hovudsakleg eigne undersøkingar 12. og 13.10.2006 og 03.07.2010. John Folde Engdal og Ingvar Engdal har vore representantar for grunneigarane og har kome med opplysningar av ymse karakter. Bygdebok for Aure kommune har vore nytta. Ein har motteke opplysningar både frå Halså kommune og frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal, samt frå Ingvar Stenberg, Surnadal.		Godt
ii) Skildring og vurdering av moglege verknader og konfliktpotensiale		iii) Samla vurdering
Inntaket er planlagt i Engdalselva ca på kote 260. Derifrå vert vatnet ført i røyr ned til det planlagde kraftverket på kote 15. Tilførselsveg til inntaket er planlagt bygd, medan ein jordbruksveg er tenkt opprusta som tilkomst til kraftverket. Ein kort jordkabel vil overføra den produserte krafta til eksisterande 22 kV høgspennnett.	<p>Tiltaket fører til vesentleg reduksjon i vassføringa mellom inntaket og kraftverket. Dette vil m.a. medføra redusert produksjon av ymse invertebratar, noko som m.a. også medfører dårlegare tilhøve for fisk og fossefall.</p> <p><b>Omfang:</b></p> <p>Stort neg.    Middels neg.    Lite/ikkje noko    Middels pos.    Stort pos.</p> <p> ----- ----- ----- ----- </p> <p>▲</p>	Middels/lite neg. (-/-)

## 8

## MULEGE AVBØTANDE TILTAK OG DEIRA EFFEKT

Avbøtande tiltak vert normalt gjennomført for å unngå eller redusera negative konsekvensar, men tiltak kan også setjast i verk for å forsterka

mulege positive konsekvensar. Her skildrar ein mulege tiltak som har som føremål å minimera prosjektet sine negative - eller fremja dei positive konsekvensane for dei ein skilde tema i influensområdet.

Vi tilrår minstevassføring m.a. p.g.a. at mange insektslarvar har leveområdet sitt blant stein og grus i slike elver. Sjølv om insektslarvane i seg sjølv ikkje er særleg sjeldne, så skal dei tena som mat m.a. for fossefall og fisk.

For å betra hekkevilkåra for fossefall etter ei eventuell utbygging bør predatorsikre hekkedassar for fossefall monterast ved inntaket og ved kraftverket. Elles kan undersida av bruer og eventuelle overheng ved fossar vera aktuelle stadar for plassering av hekkedassar. Ein bør montera to kassar på kvar stad. Slike hekkedassar har vist seg å fungera godt som vern mot predatorar (Steel et al. 2007).

For å betre gytetilhøva for anadrom fisk, kan det leggest ut gytégrus i den anadrome strekninga ovanfor stasjonsområdet (Langelo 2007).

Forstyrta miljø (vegar, grøfter og liknande) bør ikkje såast til med framandt plantemateriale.

## 9

### VURDERING AV USIKKERHEIT

Registrerings- og verdisikkerheit. Heile influensområdet er oppsøkt og vurdert, særleg med tanke på karplantar, mose og lav. Utbyggingsområdet er greitt tilgjengeleg, og vi vurderer difor både geografisk og artsmessig dekningsgrad som svært god.

Erfaring, kombinert med vurdering av potensial for funn av sjeldne organismar vil for det meste gje ei ganske god sikkerheit i registrerings- og verdivurdering. Ut frå dette vurderer vi registrerings- og verdisikkerheita som god.

Usikkerheit i omfang. Ut i frå dei registreringane og verdivurderingane som er gjort, og slik planane er skissert, så meiner vi at usikkerheita i omfangsvurderingane er lita for dette prosjektet.

Usikkerheit i vurdering av konsekvens. Sidan vi ser på usikkerheita i registrering og verdivurdering som lita, samt at uvissa i omfangsvurderingane også er rekna å vera lita, så vil usikkerheita i konsekvensvurderinga bli lita.

## 10

### PROGRAM FOR VIDARE UNDERSØKINGAR OG OVERVAKING

Ein kan ikkje sjå at det skulle vera naudsynt med vidare overvaking av naturen eller oppfølgjande undersøkingar om dette prosjektet vert gjennomført.

## 11 REFERANSAR

### Litteratur

Askvik, H. & Rokoengen, K. 1985 . Geologisk kart over Norge, berggrunnskart Kristiansund - M 1:250 000. NGU.

Brodtkorb, E, & Selboe, O-K. 2004: Dokumentasjon av biologisk mangfold ved bygging av småkraftverk. Veileder nr. 1/2004. Utgitt av NVE.

Cramp, S. (red.). 1988. The Birds of the Western Palearctic. Vol. V. Oxford Univ. Press, Oxford.  
Det kongelige olje- og energidepartement 2003. Småkraftverk - saksbehandlingen. Brev av 20.02.2003. 1 s.

Direktoratet for naturforvaltning 1996. Viltkartlegging. DN-håndbok 11. (revidert i 2000).

Direktoratet for naturforvaltning 2006. Kartlegging av naturtyper. Verdisetting av biologisk mangfold. Ny utgave av DN-håndbok 1999-13.

Direktoratet for naturforvaltning 2000. Kartlegging av ferskvannslokaliteter. DN-håndbok 15-2000.

Direktoratet for naturforvaltning & Statens kartverk/Geodatasenteret AS 2003. Inngrepsfrie naturområde. Versjon INON 01.03.

Direktoratet for naturforvaltning 2005. Naturbasen. Internettversjon kontrollert 16.02.2007.

Efteland, S. 1994. Fossefall *Cinclus cinclus*.S. 342 i: Gjershaug, J.O., Thingstad, P.G., Eldøy, S. & Byrkjeland, S. (red.): *Norsk fugleatlas*. Norsk Ornitologisk Forening, Klæbu.

Fremstad, E. 1997. Vegetasjonstyper i Norge. NINA Temahefte 12. 279 s.

Førland, E. & Det norske meteorologiske institutt 1993. Årsnedbør. Nasjonalatlas for Norge, kartblad 3.1.1. Statens kartverk.

Kålås, J.A., Viken, Å. og Bakken, T. (red) 2006. Norsk Rødliste 2006 – Norwegian Red List. Artsdatabanken, Norway.

Langelo, G.F., 2007. Fiskeundersøking i Engdalselva, Halså kommune. Miljøanalyser, rapport 2007-1.

Miljøverndepartementet 1996. Forskrift om konsekvensutredninger av 13. desember 1996. T-1169. 36s.

Miljøverndepartementet 1990. Konsekvensutredninger. Veileder i plan- og bygningslovens bestemmelser. T-746. Miljøverndepartementet. 66s.

Moen, A. 1998. Nasjonalatlas for Norge. Vegetasjon. Statens kartverk.

Raddum, G., Arnekleiv, J. V., Halvorsen, G. A., Saltveit, S. J. og Fjellheim, A. Bunndyr. Økologiske forhold i vassdrag – konsekvenser av vatnføringsendringer. Norges Vassdrags- og energidirektorat, Oslo.

Solbakken, K.A., Stenberg, I. & Thingstad, P.G. 2004. Biologisk mangfold-kartlegging i Rindal, Halså og Surnadal kommunar, Møre og Romsdal. Viltbiologisk bidrag. Fortrolig Zoologisk Notat 2004: 1-93 + vedlegg.

Statens vegvesen 2006. Håndbok 140. Konsekvensanalyser. 292 s.

Steel, C., Bengtson, R., Jerstad, K., Narmo, A.K. & Øigarden, T. 2007. Små kraftverk og fossefall. NOF-rapport nr. 3 2007. 30 s (+ vedlegg).

Todal, A. 1963. Gardtales i Aure B I. Aure, Stemshaug og Valsøyfjord kommunar.

### **Munnlege kjelder**

John Folde Engdal, 6686 Valsøybotn

Ingvar Engdal, 6686 Valsøybotn

Asbjørn Børset, Miljøvernavdelinga hos Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Erlend Snøfugl, Halså kommune.

Ingvar Stenberg, Surnadal

Lars Halse, Halså